

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-C21, TI-&01  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 08.04.2021

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Alver kommunestyre	
025/21	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	20.04.2021

## **Samarbeid- og profileringsavtale KnarvikMila og Alver kommune**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom KnarvikMila og Alver kommune, samt profileringsavtalen, slik disse ligg ved saka.

### **Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 20.04.2021:**

#### **Handsaming:**

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### **OKK- 025/21 Vedtak:**

##### **Innstilling frå OKK - 20.04.2021:**

Alver kommunestyre godkjenner samarbeidsavtalen mellom KnarvikMila og Alver kommune, samt profileringsavtalen, slik desse ligg ved saka.

#### **Politisk handsaming**

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

#### **Bakgrunn**

KnarvikMila er eit årleg kultur- og idrettsarrangement. Dei har tidlegare år hatt ein samarbeidsavtale med Lindås kommune fram til kommunesamanslåinga. Det er no jobba fram ein ny samarbeidsavtale i fellesskap med KnarvikMila som skal vere med å gi overordna føringar for samarbeidet mellom KnarvikMila og Alver kommune. Avtalen er drøfta med styret v/styreleiar og dagleg leiar i KnarvikMila gjennom fleire møter i 2020 og 2021. Ein har i desse møta gått grundig gjennom avtaleinnhaldet og kva som bør inngå i samarbeidet i tida som kjem og avtalepartane er no samde om innhaldet.

Profileringsavtalen har vore ein sponsorstøtte der Lindås kommune har betalt for annonseringstenester i samband med arrangementet. Dette vere seg i form av logo på plakatar, skilt, banner osb. samt synleggjering på nettstader, sosiale medier, og aviser som KnarvikMila gir ut.

#### **Saksopplysningar**

KnarvikMila er eit arrangement som gjennom idrettsleg, og kulturell aktivitet er eit positivt bidrag til folkehelsa i Alver kommune. Arrangementa deira samlar fleire tusen deltakarar i ulik alder som deltek på ulike arrangement i regi av KnarvikMila. Det er også stor frivillig aktivitet i forbindelse med gjennomføringa av desse arrangementa. Gjennom samarbeidsavtalen som er vedlagt vil kommunen fortsetje å støtte opp under dette arbeidet, og vere med å bidra til vidare gjennomføring og utvikling av KnarvikMila sine arrangement og konsept.

Profileringsavtalen er ein måte Alver kommune kan synleggjere sitt samarbeid med KnarvikMila gjennom profilering i ulike medier, og med moglegheit for aktiv deltaking i ein del av arrangementa.

Profileringsavtalen er tatt høgde for i eksisterande ramme, og KnarvikMila har søkt om tilskot gjennom tilskotsordninga til kommunen ref. samarbeidsavtalen.

**Vedlegg i saken:**

09.04.2021	Profileringsavtale mellom KnarvikMila og Alver kommune	1540131
09.04.2021	Samarbeidsavtale mellom KnarvikMila og Alver kommune	1540132
10.04.2021	Stadfesting einigheit kring avtaleinnhald - KnarvikMila og Alver Kommune	1540849
12.04.2021	Alver idrettsråd uttale	1541291
14.04.2021	Alver Kulturråd uttale	1542166